

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 28.01.2022
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Helse Bergen HF - Case Cart og automatisering**

ARKIVSAK: 2021/1476
STYRESAK: **010/22**

STYREMØTE: **15.02. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF godkjenner investering i og etablering av Case Cart med tilhørende investering i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i sak 105/21A.

Styret i Helse Vest RHF godkjente hausten 2020 prosjektet «*Parkhjørnet – sentralisert vaske- og sterilsentral i Helse Bergen*». Helse Bergen har i tilknytning til prosjektet behov for å gjere ein tilleggsinvestering til Case Cart med tilhøyrande automatisering. Den samla kostnaden vil overstige 50 mill. kroner som er grensa for investeringar som må goskjennast av styret i Helse Vest RHF. Administrerande direktør vil tilrå at styret godkjenner den aktuelle tilleggsinvesteringa.

Fakta

Bygging av «Parkhjørnet» på Haukelandsområdet i Bergen er godkjent av styra i Helse Bergen HF (sak 98/20) og Helse Vest RHF (sak 134/20), og finansiering av bygget er innarbeidd i langtidsbudsjettet for både Helse Bergen HF og Helse Vest RHF. Parkhjørnet gjev felles lokalisering av ny sentral vaskefunksjon (kirurgisk fleirgongsutstyr) og sterilsentralen.

Case Cart er valt som logistikk-løysing for mellom anna Glasblokkane og ombygging av sentraloperasjonen. Det betyr sentralisert lagring og sampakking av kirurgisk fleirgongsutstyr- og eingongsutstyr i Parkhjørnet.

Det er behov for investering i Case Cart og tilhøyrande automatisering. Vedlagte dokument «*Investerings sak Case Cart og tilhørende automatisering*» summerer opp dei investeringane som må på plass for å få til Case Cart, riktig HMS, pasienttryggleik og effektiv drift. Dokumentet synleggjer også konsekvensar om ein ikkje får på plass dei tilrådde investeringane.

Styret i Helse Bergen HF behandla saka i styremøte 20. desember 2021 (sak 105/21A). Det blei gjort følgande vedtak i saka:

«Styret vedtek å investere i og etablere Case Cart med tilhøyrande automatisering.»

Saka er sendt over til Helse Vest RHF for vidare handsaming og godkjenning.

Kommentarar

Det følgjer av gjeldande prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekt, vedteke av styret i Helse Vest RHF i styremøte 10. februar 2016 (sak 013/16), at prosjekt/kontraktar over 50 mill. kroner skal godkjennast av styret i Helse Vest RHF.

Vedtaket gjort av styret i Helse Bergen HF inneberer ein investeringsramme på 63,5 mill. kroner til Case Cart og tilhøyrande automatisering i Program ny steriltforsyning fordelt på 2023 og 2024.

Oppsummert viser analysen som er gjort at driftskostnaden utan automatisering vil auke med 12-14 mill. kroner årleg, samanlikna med dagens kostnadsnivå. Dette er basert på eit normalt driftsår, der automatisering er innført på heile Haukeland Universitetssjukehus.

Driftskostnad ved automatisert løysing kan gi årlege innsparingar på 6-13 mill. kroner samanlikna med dagens ressursbruk. Dette blir også bekrefta i vedteken bemanningsplan for Parkhjørnet ved oppstart.

Konklusjon

Administrerende direktør vil tilrå at styret i Helse Vest RHF godkjenner investering i og etablering av Case Cart med tilhørende investering i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i sak 105/21A. Helse Bergen HF må prioritera og finansiera prosjektet innafor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta.

Vedlegg: «*Investerings sak Case Cart og tilhørende automatisering*»